

Nyhetsbrev

1

26-03-12



Til alle Expressseglarar i Hordaland

Det går mot vår og klargjering for ein ny sesong med Express-segling.

Her kjem litt info kva som har skjedd i Expressklubben i løpet av vinteren og info om årets sesong.

### **1. Årsmøte i Hordaland Expressklubb**

23. januar 2012 hadde Hordaland Expressmøte årsmøte.

Tilstades: 7 personar frå fylgjande seks båtar:

NOR 101 NauticX, BS

NOR 128 Julianne, NHS

NOR 193 NN, OS

NOR 239 Salt III, RAN

NOR 192 Excena, BS

NOR 81 Nicoline, RAN

Mellom anna vart fylgjande drøfta på årsmøtet:

#### Ranking 2011

Det har totalt delteke 15 båtar i 2011 i dei seks teljande seglasane. Berre to av seglasane samla tosifra båtar, noko som er skuffande. Ser ein totalt på Express-aktiviteten så har 22 Expressar vore regattaaktive i 2011. Utfordringa er altså å få båtane til å samla seg.



Carl Olav Wickmann fekk overrakt vandretrofeet som prov på at Excena er vinnar av rankinga i 2011.

## Rankinopplegg for 2012

Årsmøtet kom fram til fylgjande opplegg for årets ranking:

5. mai	Byfjordseglasen	Åsane	Byfjorden	1.0
23. mai	Byfjordtrimmen	Askøy/Åsane	Byfjorden	1.0
2. juni	Sumarregatta Ran	Ran Seilforening	Hjeltefjorden	1.0
14. august	Seriseglas BS	Bergens Seilforening	Raunefjorden	1.0
29-30. sept.	KM/Bykamp	Ran Seilforening	Hjeltefjorden	2.0

Ein båt får poeng etter lågpoengsystemet i kappseglingsreglementet i Appendiks A. Det er kun samanlagt-resultatet for dei ulike seglasane som tel på express-rankinga. Dei fire beste resultatata er teljande og KM vert vekta 2.0 og kan ikkje strykast.

- DNF, RAF, OCS og DSQ får poeng for plassering tilsvarande ein -1- meir enn det talet båtar som kom til startområdet i den aktuelle regattaen.
- DNC og DNS får poeng for plassering tilsvarande to -2- meir enn det talet båtar som har fullført i minst eit løp i den aktuelle regattaen. Dette endrer kappseilingsregel A9.

### Premiar

Premie til dei tre beste båtane.

Berre båtar som er medlemmar i Expressklubben vil verta premierte.

## Innspel til Den Norske Expressklubben

a) innspel til utkast av lover

Ein gjekk gjennom det framlagde utkastet til lovverk og vart samde om å fremja motsegn på nokre punkt. Desse innspela kan lesast på

<http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/01/20/obs-arsmotet-flyttet-frem-en-dag-til-6-februar-forslag-til-vedtekter/>

b) val av representant til Den Norske Expressklubben

Bjørn Rundhovde sa seg viljug til å vera målarrepresentant på vegne av Hordaland Expressklubb.

### Val av tillitsmenn lokalt

Leif Kristian Garvik takka for seg

Carl Olav Wickmann tek over som leiar i arbeidsutvalet

Kjell Magnus Økland held fram som vevmakar

Carl Olav Wickmann tar òg over som Hordalands representant i det Nasjonale styret for Expressklubben etter Leif Kristian Garvik. Har du noko du ynskjer at skal verta teken opp der, kan du kontakte Carl Olav på mail eller tlf.

## Presentasjon av KM/Bykamp 2012

Kjell Magnus Økland presenterte opplegget for Bykamp 2012. 29-30. september vert det sesongavslutning over to dagar i Anglevik. Meir info om dette kjem seinare i nyhetsbrevet.

## **2. Årsmøte i Den Norske Expressklubben**

Den norske Expressklubben hadde sitt årsmøte 6. februar 2012.

Du kan lesa referatet frå årsmøtet på

<http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/02/13/protokoll-fra-arsmotet-2012-regnskapet-for-2011/>

## Nye vedtekter for Den Norske Expressklubben

Etter fleire år utan formelle retningslinjer har Den Norske Expressklubben no fått vedtatt nye vedtekter på årsmøtet. Hovudformålet bak dette er å få på plass eit styringsreiskap for klasseklubben.

Du kan lesa dei nye vedtektene på

<http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/02/13/klubbvedtekter-for-norsk-expressklubb/>

Det er kanskje særleg to punkt i dei nye vedtektene som har særleg interesse:

### § 1 Formål og arbeidsoppgaver

*4. Styret i klasseklubben skal avgi tilråding til Norges Seilforbund om hvilken seilforening som skal tildeles NM og samarbeide med NSF's Tekniske Tjenester og den arrangerende forening om opplegget for den tekniske kontrollen. Tildeling av NM skal rullere mellom aktive regioner.*

Kommentar: På årsmøtet vart det ein lang debatt om vidare fordeling av Norgesmesterskapet for klassen. For å koma i hamn med sjølv årsmøtet vart ein altså samde om fylgjande formulering i vedtektene: "Tildeling av NM skal rullere mellom aktive regioner." I praksis tyder dette at dersom ein ynskjer å få NM til Hordaland i framtida må regionen kunne visa til eit solid medlemstal. Og dette fører oss over på § 2 i dei nye vedtektene:

### § 2 Medlemskap

*Som medlem av klubben kan opptas enhver som har interesse for klassen. Medlemskap opprettholdes ved å betale kontingent innen 15.05 og gjelder for båteier inklusive mannskap. Gyldig medlemskap bekreftes av "sticker" for gjeldende år på klassebevis og "sticker" påklisset nederste del av mast. Manglende betalt medlemskontingent fører til tap av stemmerett og rett til å delta i Expressklassens rankinger og mesterskap. Utmeldelse skjer ved skriftlig henvendelse til styret innen 30.11.*

Kommentar: For at Expressklubben skal verta eit effektivt organ som arbeider til beste for Express-seglinga trengst det mange medlemmar. Hordaland Expressklubb vil difor sterkt oppmode flest mogleg av dykk som seglar Express til å melde dykk inn i Expressklubben. Dette gjer ein ved å betale inn 350 kr på kontonr. 1600 21 03080 før 15. mai og merkja innbetalinga med båtens namn og seglnr.

## **3. Kommunikasjon med Express-seglarane**

Hordaland Expressklubb freistar å sende SMS når det er publisert viktig informasjon.

Hordaland Expressklubb har eigne vevsider som du finn på <http://www.hordaland-seilkrets.no/default-css.asp?k=2953&a1=Express>. Det meste av kommunikasjonen går likevel føre seg via facebook-gruppa <https://www.facebook.com/groups/22173500628/> (med gruppenamnet «Express-seiling Norge»).

Den Norske Expressklubben sine sider finn du på [www.expressklubben.com](http://www.expressklubben.com)

Tips oss gjerne på [co\\_wickmann@hotmail.com](mailto:co_wickmann@hotmail.com) og [kjellmag@gmail.com](mailto:kjellmag@gmail.com)

#### 4. Bykamp 2012

Ran Seilforening inviterer til regatta 28-30. september. Det vert då ordinar 1/3-premiering for alle deltakarar, KM-medalje i bronse, sølv og gull til dei tre beste båtane frå Hordaland og Bykamppokalen. Seglasane skjer for båtar frå pølsebanesegling i Hauglandsosen og sosiale arrangement i Anglevik. Regattasjef vert Kjell Magnus Økland. Du kan lesa nærare info på <http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/02/01/bykamp-express-2012/> Forutan Expressar vil det verta deltaking frå i alle fall Melges 24 og Yngling og ein skal ikkje sjå bort frå at Knarr-klassen òg dukkar opp.

#### 5. Endring av klassereglane til Expressen

Den svenske Expressklubben har i år innført ein del endringar i klassereglane som du kan lesa meir om på <http://www.expresseglaare.nu/sv/Klubben/Styrelsen-informerar/Dates/2012/2/Motioner/>

Av særleg interesse er kanskje at GPS vil verta lovleg. Merk at desse endringane vil òg tre i kraft i Noreg, men fyrst når Norges Seilforbund har godkjent desse endringane. Hordaland Expressklubb vil koma attende med melding om kva tid desse endingane trer i kraft.

#### 6. NM/NoM 2012

Norgesmesterskapet / Nordisk Mesterskap for Expressklassen vert arrangert av Tønsberg Seilforening 16-19. august 2012. Du finn meir info på <http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/02/24/pa-tide-a-sette-av-tid-til-arets-viktigste-seileevent-16-19-august12/>

#### 7. Innspel til styremøte i Den Norske Expressklubben

Den Norske Expressklubben skal ha styremøte 10. april. Hordaland Expressklubb kjem då til å koma med framlegg om at Expressklubben set opp rankingpremiar for båt nr. 1-3.

Har du andre framlegg, så kan du anten ta kontakt med Carl Olav Wickmann eller fremja dei direkte i kommentarfeltet på

<http://www.expressklubben.com/wp3dotnull/2012/03/19/styremote-10-april/>

Helsing  
Hordaland Expressklubb



Carl Olav Wickmann  
leiar  
41 32 66 39  
NOR 192 Excena

Kjell Magnus Økland  
vevmakar  
95 04 67 39  
NOR 81 Nicoline